



**Notat**

Dato: 25.01.2016  
Arkivsak: 2016/1015-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

**Til:** Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet

---

**Fra:** Fylkesrådmannen

---

## **Svar på spørsmål i FUV vedkomande framtidig dialog med bygg- og anleggsbransjen**

Fylkesrådmannen viser til fylkesutvalet sitt møte den 19.11.15, der følgjande oversendingsforslag frå representanten Anne Beth Njærheim vart lagt fram:

«HFK tek initiativ til ein dialog med bygg- og anleggsbransjen for å få til eit godt grunnlag for faget innan bygg- og anlegg i vgs.»

Hordaland fylkeskommune er heile tida i tett dialog med dei ulike bransjane innan bygg og anlegg. Dialogen går stort sett gjennom bransjene sine opplæringskontor. Saman med Byggmesterforeningen i Bergen utviklar vi mellom anna vekslingsmodell innan tømrarfaget.

Gjennom *Bygningsgruppen i Bergen* har HFK støtta eit prosjekt om rekruttering til bygg- og anleggsfag. Alle ungdomsskular i Bergen får i 9. og 10. klasse besøk av ein representant frå anten byggmeistrane, entreprenørane, murmeistrane, rørleggarane, anleggsarbeidarane, målarane eller taktekkarane. Felles for dette prosjektet er at ein ikkje fokuserer på eige fag, men på felles utfordringar kring det å rekruttere til bygg- og anleggsfaga generelt. I 2015 opplevde vi ein ein auke i tal søkerar innan bygg- og anleggsfaga.

Saman med mellom anna bygg- og anleggsbransjen har HFK søkt om, og fått tildelt, Yrkes-NM 2016. Arrangementet går av stabelen i veke 42 i Åsane. Alt dette har blitt til gjennom tett dialog med bransjene.

Fleire av opplæringskontora innan bygg og anlegg er involvert i hospiteringsprosjektet i regi av HFK.

Opplæringskontora innan bygg og anlegg er også involvert i den nye vidaregåande skulen i Åsane. HFK har invitert opplæringskontora innan bygg og anlegg til å lokalisere verksemda si ved skulen. Dette er ein pågående prosess i desse dagar.

Fylkesrådmannen viser elles til brev frå bransjeforeiningane innan bygg og anlegg i november 2015 der det heiter:

«*Alle fagene og opplæringskontorene har de siste årene virkelig fått til et samarbeid som har gitt gode resultater. Samarbeid med alle videregående skoler har vært i fokus. Med god hjelp av fagopplæringskontoret og Bergen Kommune har yrkesorienteringen og rekrutteringsarbeidet gått i riktig*

*retning. Fagene er enig om å fortsette dette arbeidet sammen med eksisterende skoler som har Byggfagene».*

Dette brevet kom som ein reaksjon på EBA Vestenfjeldske sin søknad om å etablere privat yrkesskole innan bygg- og anleggsfaga. Søknaden frå EBA har medført nokre reaksjonar frå andre i bransjen, men det betyr ikkje noko for den gode dialogen som HFK har med bransjane.